Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43

Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bø.

Emne: Ting til lækedom og vern mot sykdom

Bygdelag:

Oppskr. av: Olav Nordbø.

Gard: ~~54~~ Nordbø.

(adresse): Bø, Telemark.

G.nr. 54 Br.nr. 8 og 10.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigne oppteikningar.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Ringar

Folk har bruka ringar på fingrane som råder imot sjukdom. Dei var heime-smidda og laga og jarn og stål.
Some kjøpte nok og slike ringar.
Dei tala om gigtringar. messing og kopparringar med stålgjord inni.

Der var folk som gjorde ringar av messingtråd eller kopartråd, som dei gjekk med og hadde rundt ovleden. Eller omkring beina eller halsen.
Det var mot gigt.
Vanleg hadde dei ringen kring armen.
Her er ennå folk som bruka slike ringar mot gigt.

8975

2

## e.

## Ringsmykker.

9

Det var some som hadde smykke kring halsen, og det var vern mot sjukdom og middel mot gigt o.a. Dei nytta sink og kopar, messing o.a.

c. Slike smykke kunne ofte vera i krossform. Det var noko dei kalla Voltakors som dei kjøpte og gjekk med, oppbåt på brystet.

10

Her for folk og selde belte som folk kjøpte og bar mot sjukdom, t.d. gigt. Dei var ofte av kopar og sink og dei la dei i eddik

11

Dei tala om elektriske belte og gigtbelte. Dei brukte det laut syn til, og bruka... ka eddik.

12

Somme gjekk med kålrot i lommen.

8975

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING